

## Årsmelding Folgefond skyttarlag 2014

Styret har det siste året bestått av Ole Kristian Hatlen, Per Åkre, Jon Kråkevik, Kåre Svartveit Aarekol (kasserar) og Steinar Lund (leiar). Styret har hatt tre møte gjennom året. Laget har i 2014 hatt 103 betalande medlemmer, fordelt på 14 stk under 17 år og 89 vaksne. Av dei 89 er det 9 som berre betalar for medlemsskap, og 80 som betalar for både medlemsskap og oppskyting. Det er ikkje sendt ut purring til dei som har skote opp, men som har gløymt å betale årskontingent. Dette blir gjort i løpet av hausten. Det faktiske medlemstalet er difor noko høgare. Skyttarlaget har det siste året hatt ein omsetnad på 161 000, og har eit overskot på 68 000,-. Me arrangerte dans på Nå 2. juledag, slik me har gjort i fleire år. Dette gav oss i år eit overskot på 30 000,-.

Det har blitt arrangert skyting for ungar/ungdom ein dag i veka frå slutten av januar til byrjinga av juni. Miniaturbanen på tvers av standplass blei brukt i vinter/vår fram til banesesongen. Det har vore bra oppmøte på denne skytinga, med rundt 10 deltagarar kvar gong. Dag Åkre, Svein Kvestad og Per Åkre har hatt ansvar for skytinga, og gjort ein god jobb for å rekruttere nye skyttarar.

I slutten av januar arrangerte me krinsstemne i miniatur på Odda skyttarlag sin bane i Oddahallen. Det var totalt 31 deltagarar på stemnet (9 frå Folgefond skyttarlag). Helga 10.-11. mai arrangerte me Agastemnet. I år var det 137 deltagarar på stemnet (12 frå Folgefond skyttarlag). Det er ein god del fleire deltagarar enn det har vore dei siste åra. Det er likevel nokså få deltagarar samanlikna med stemne andre stadar i fylket. I år blei det arrangert stemne i Kvinnherad, Kinsarvik og i Eidfjord same helga. For mange stemne på ei helg, spreidd utover eit stort område, fører til at skyttarane ikkje rekk å skyte alle stemna. I 2015 skal me arrangere stemne helga 18.-19. juli. Stemnet blir flytta fordi det er svært mange stemne i mai, som "konkurrerer" om skyttarane. 18.-19. juli er det berre Odda skyttarlag og Folgefond som har stemne i Hordaland. Me trur det vil føre til fleire deltagarar på stemnet vårt. Me har i år, som dei siste åra, arrangert skyting om organisasjonsmedaljen. Denne skytinga har hatt svært låg deltaking (7 deltagarar i år). Frå neste år blir det difor arrangert av Jondal skyttarlag, for å sjå om det er lettare å få fleire deltagarar i eit område med fleire aktive skyttarar.

Laget har hatt ein del skyttarar med på stemne forskjellige stadar i Hordaland. Me var representert på krinsstemne miniatyr, bane og felt, samlagsstemne miniatyr, bane og felt, Hordastemne felt, Vestlandsstemna bane og felt og ein gode del opne stemne. Dei beste resultata fekk Ida Kvestad, med fjerde beste poengsum på innleiande skyting i klasse rekrutt på samlagsstemne bane, og Lars M Nå med ein tredjepllass i kl. 2-5 og v55 på samlagsstemne felt.

I mai arrangerte me "open dag" på skytebanen med lagsmeisterskap for klassane aspirant og rekrutt. I tillegg var det fleire vaksne som fekk teste skyting. I klassane aspirant og rekrutt var det til saman 11 deltakarar. Ida Kvestad blei lagsmeister i klasse rekrutt. Styret prioriterer rekrutteringsarbeid, og vil halde fram med organisert skyting for ungar/ungdom. I år har me kjøpt inn eit nytt våpen for Frifond-midlar.

Det har vore trening og oppskyting for jegerar ni onsdagar, fordelt på fem dagar i mai/juni, og fire i juli/august. Dette har fungert greitt, men det kan vere problematisk å rekke jegerskytinga for dei som er vekkreist på arbeid i vekene. Styret vil vurdere endringar for å få til eit best mogleg tilbod til jegerane til neste år, samtidig som det er enklast mogleg for dei som står som ansvarleg for skytinga.

Me jobbar for å få gjort ferdig miniatyrbanen på tvers av standplass på skytebanen. For å finansiere prosjektet søkte me i vår Sparebankstiftinga Hardanger om midlar. Me fekk ikkje tildelt midlar i den omgangen, men har søkt på nytt i haust, og håpar på tilslag på søknaden. Me søker samtidig heradet om ein sum, samt om spelemidlar. Den største kostnaden er innkjøp av elektroniske skiver. Andre deler av prosjektet har me gjort ferdig no i haust. Golvet på standplass har blitt malt, ventilasjonen er kopla til og det er sett opp kulefangarar. Banen er difor fullt brukande, men det må skytast på papp til me får kjøpt inn elektronikk.